



Vassverket rusta opp anlegget i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal Vassverk hadde i fjor eit overskott på 135.509 kroner mot 423.289 året før, vart det opplyst under årsmøtet tysdag. Medan inntektene auka frå 945.343 i 2007 til 980.374 i fjor auka driftskostnadene frå 526.517 til 866.184. Vedlikehaldskostnadene var betydelege og gøymer ny veg og straumkabel opp til anlegget, inngjerding, muring og planering. Det vart og investert i nytt lager/kontorbygg med plass for nytt straumaggregat. Bygget kosta 479.491 kroner og aggregatet 95.000**

Hjønnevåg er den klart største abonnenten til vassverket og står for rundt rekna ein fjordedel av forbruket. Sist sommar vart det installert vassmålar der slik at dei no betalar pr. kubikk. Forbruket til Hjønnevåg har sunke på grunn av omlegging av interne rutinar, vart det opplyst under årsmøtet.

Det gjekk fram av rekneskapen at vassverket ved siste årsskifte hadde uteståande 60.001 kroner, men no er summen redusert til 958 kroner.

Lønsumtgiftene utgjorde i fjor 164.242 kroner mot 156.254 året før. Vassverket hadde også i fjor berre to ansatte. Formann Hans Reidar Kjærland hadde ei godtgjersle på 77.070 kroner og forretningsfører Terje Myklebust eit liknande beløp.

- Når alarmen går må vi ofte reisa ut sjølv og det kan vera slitsamt i periodar, medga Kjærland under årsmøtet.

Årsmøtet attvalde dei som var på val slik at styret framleis har denne samansetjinga: Formann Hans Reidar Kjærland, Thom O. Haugland, Tor Ove Rød, Johannes Feet og Øyvind Sture.

Av Ola Matti Mathisen